



**POLITIET**

# Avtale om tenestetilbod

*mellom Masfjorden kommune og Nordhordland lensmannsdistrikt*

Avtalen er inngått og signert .....

## **Innhald**

1. Innleiing /formål .....	2
2. Tenestetilbod.....	2
3. Politikontakten .....	2
4. Politiråd.....	3
5. SLT (samordning av lokale kriminalitetsforebyggende tiltak).....	3
6. Forventningar til samarbeid .....	3
7. Spesielle fokusområder .....	3
8. Organisering av samarbeidet.....	3
9. Administrative forhold.....	3
10. Evaluering.....	3

## 1. Innleiing /formål

Vidareutvikling av det førebyggjande arbeidet er ein av dei viktigaste kvalitative endringane som skal gjennomførast i politireforma og skal derfor ha stort fokus. Det skal utarbeidast ein gjensidig forpliktande avtale mellom politidistriktet og kommunane om tenestetilbod, politikontaktens rolle og politiråd.

Det er nødvendig ein gjensidig pliktar seg til at det førebyggjande arbeidet skal fungere best mogeleg. Det er derfor ønskelig å beskrive både kva politiet og kommunen kan bidra med i dette samarbeidet. Avtalen skal regulera arbeidet på både operativt og strategisk nivå. Avtalen skal tilpassa behovet i kvar enkelt kommune, men stort sett omhandle dei same tema.

## 2. Tenestetilbod

Politiet er etablert ved to tenestestadar i Nordhordland lensmannsdistrikt. Tenestestadane skal vera i Knarvik i Alver kommune og på Hosteland i Masfjorden kommune. Samfunnsoppdraget til lensmannsdistriktet er å gi hjelp og service til innbyggjarar, samt skapa tryggleik, lov og orden i kommunen.

Opningstider ved tenestestaden i Knarvik vil vere måndag til fredag frå kl. 09.00 til 15.00. I tillegg vil ein ha langope på torsdagar til kl. 19.00. Opningstider ved tenestestaden i Masfjorden vil vere tysdag og torsdag frå kl. 10.00 til kl. 14.00.

Kontoret i Knarvik er hovudkontoret i lensmannsdistriktet. Kontoret i Knarvik tilbyr teneste innan politifaglige områder. Mottak av meldingar og etterforsking i straffesaker skjer i hovudsak frå dette kontoret. Dei fleste politipatruljer har Knarvik som utgangspunkt. Kontoret i Masfjorden tilbyr teneste innan politifaglege områder. Mottak av meldingar og etterforsking i straffesaker skjer og frå dette kontoret. På enkelte kontordagar i Masfjorden vil politipatrulje kjøre ut frå dette kontoret. Det er hovudsaklig politi med lokalkunnskap som har kontordagar ved kontoret i Masfjorden.

Kontoret i Knarvik har vidare ansvar for sivil rettspleie og forvaltningsoppgåver tillagt lensmannsdistriktet. Sivil rettspleie er sakshandsaming og ansvar for utleggsforretningar, forliksrådsekretariat og gjeldsordning i lensmannsdistriktet. Kontoret i Knarvik kan vidare utsteda pass, utsteda kjøresetel, utsteda brukthandelsløyve, mottak av våpensøknadar, bistand i arv- og skiftesaker, mottak av hittegods. Kontoret er også høringsinstans ifm. kommunale løyve. Kontoret i Masfjorden vil ha sakshandsaming for utleggsforretningar og forliksrådsekretariat i kommunane Masfjorden, Gulen og Solund.

Lensmannsdistriktet vil delta aktivt i politiråd og beredskapsråd, samt delta i kommunen sitt psykososiale kriseteam og kommunen si kriseleing ved konkrete hendingar når kommunen ber om det.

Lensmannsdistriktet vil også delta i etablerte kjernegrupper ved ungdomsskulane i kommunen.

Det vil vere eigen politikontakt som er kontaktledd mellom lensmannsdistriktet og kommunen, samt andre eksterne organisasjonar politiet samarbeider med.

Lensmannsdistriktet vil kunne tilby politipatrulje ved hendingar /oppdrag som politidistriktet sin operasjonssentral prioriterer å sende politipatrulje til. Responstida vil ved einkilde høve verta kortare enn tidlegare, da ein vil ha fleire politipatruljer køyrande ute i distriktet, samt at fleire politi vil vera stasjonert ved kontoret i Masfjorden på dagtid.

Lensmannsdistriktet vil kunne tilby førebyggjande politipatruljeteneste ved større arrangement.

Lensmannsdistriktet vil kunne tilby trafikkrollar i lensmannsdistriktet. Lensmannsdistriktet vil tilby ei aktiv deltaking i det førebyggjande arbeidet som TSU ( trafikkfaglig samarbeidsutval ) tilbyr kommunane i lensmannsdistriktet.

Lensmannsdistriktet vil prioritera førebyggjande arbeid opp mot barn og ungdom.

## 3. Politikontakten

Politikontakt/politiråd er ein av politireformas seks prioriterte funksjoner. Førebyggjande teneste skal knytast tett saman med politiets andre oppgåver i en samanhengande kjede av tiltak for tryggleik og kriminalitetsførebyggjande tiltak.

Politikontakten skal vere det faste bindeleddet mellom lensmannsdistriktet og kommunen. Politikontakten er fast medlem av politirådet.

Det skal vere ein gjensidig avtale om politikontaktordninga i kommunen.

## 4. Politiråd

Det skal være eigen avtale om politirådssamarbeid for det enkelte politiråd. Denne skal reviderast kvart år. Lensmannen og politikontakten ved tenesteeininga er faste medlemmer i politirådet.

Politirådsmøte skal haldast minimum to gonger pr. år.

## 5. SLT (samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggande tiltak)

Masfjorden kommune har ikkje SLT-koordinator.

## 6. Forventningar til samarbeid

Samarbeidet med kommunen er gjensidig. Det er derfor viktig at avtalen omhandlar forventningar begge veier. Det er viktig med god samhandling som for eksempel i forhold til politivedtekter, barnevern, trafikale forhold, rus-politisk handlingsplan og planarbeid i kommunen sett i et kriminalitetsførebyggande perspektiv.

Politiet har forventning om at kommunen som samarbeidsaktør, bidrar til ein samordna førebyggande innsats mot kriminalitet og rusbelasta utfordringar. Dette skal sikrast gjennom tett dialog med politikontakten / politiråd.

## 7. Spesielle fokusområder

- Kjernegrupper i kommunen sine ungdomsskular
- Ungdomsoppfølging / ungdomsstraff
- Trafikkførebyggjande arbeid
- Rusførebyggjande arbeid blant barn / ungdom
- KUBA ( nye kunnskapsbaserte utfordringar som oppstår )

## 8. Organisering av samarbeidet

Samarbeid skal sikrast ved avtaler i politiråd og gjennom politikontaktordning.

## 9. Administrative forhold

Teieplikt vært følgt opp av kvar enkelt ansvarlig part.

Teieplikt er likevel ikkje til hinder for å dele informasjon når det kan være fare for liv og helse. Alle har ei plikt til å hindre nærmare gitte straffbare forhold og handlingar etter Straffelovens § 196.

Det er viktig at reglene om teiesplikt ikkje er til hinder for det førebyggjande samarbeidet. Avklaring om temaet underveis, vil være svært viktig.

## 10. Evaluering

Samarbeidsavtalar må evaluerast årlig. I tillegg er det utgitt vegledar frå Politidirektoratet for evaluering av politirådet.

---

Lensmann

---

Ordfører

